



Det er til glede for mange at Kristian Hus startar ein ny nettstad.

3 månader etter at han avslutta HusnesNett, er Kristian Hus på banen att med ein ny nettstad som vil innehalda stoff frå heile Kvinnherad. Svært mange kvinnheringar gleder seg nok over at den ruvande mediamannen er tilbake. Den nye nettstaden har fått namnet skimtvis.net, og her vil det verta presentert variert og godt Kvinnheradsstoff, men ikkje nyhende.

Bakgrunnen for at det ikkje vert presentert nyhende, har Kristian Hus ei god forklaring på i innleiinga si:

- Men denne gongen legg eg ikkje opp til noko avis på nettet, som må fyllast med daglege nyhende. Eg vil vera fri til å gjera det eg vil, når eg vil, og kunna reisa på turar i inn- og utland utan å måtta tenkja på at sida skulle vere oppdatert.

Innhaldet på sida skal først og fremst ha tilknytning til Kvinnherad, og vera ein uformell stad der eg vil visa glimt av det som rører seg i kommunen vår – med ujamne mellomrom.

Men sjølv om det ikkje vert nyhende, er vi nok sikra godt og interessant stoff. Det er eit solid kvalitetsstempel når Kristian Hus står bak prosjektet. Det er nok å visa til Kvinnheringen, innsida og HusnesNett som alle er resultat av den dugande og ruvande mediamannen sin skapartrøng.

Starten har vore god, og etter 5 dagar gleder vi oss til å følgja den nye nettstaden framover. Eg anbefaler alle å logge inn på www.skimtvis.net for ein smakebit. Her finn ein både historisk stoff, naturopplevingar, kulturstoff og mykje anna presentert på ein flott måte gjennom tekst, flotte bilede og video. Sjølv sagt er det stoff frå vår bygd òg.

Vi ønskjer Kristian Hus lukke til med arbeidet framover. Vi gleder oss!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.
Foto, frå skimtvvis.net: Kristen Børje Hus.